

# ÅRSMELDING NORDMØRE SPEL OG DANSARLAG 2008

Årsmøte i 2008 vart halde på Halsa barne og ungdomsskule 10. februar 2008

Styret har i meldingsåret vore slik samansett:

Leiar: Magnar Almberg  
Nestleiar: Hilde Bergfald  
Kasserar: Peder Hønsvik  
Skrivar: Arnstein Brevik  
Styremedl.: Jonny Reitan

Det har i meldingsåret vore eit styremøte.

Helge kom med forslag på øvingslist for året, sesongavslutninga vart vedteken å haldast i Geilen på Gyl. Etter sumarferien vart det oppstart med øvingar 17. august. Elles var det planlagt ein kulturkveld på Frei, av ymse årsaker vart den avlyst.

Det som ikkje vart avlyst var Hilmarfestivalen 7. november på Steinkjer, det var ei stor helg med masse folkemusikk og store aktørar deltok. Vi spela to Ørsalslåttar og var fornøgde med spelinga. Elles så spela vi til dans om kvelden, sjølvsagt var det seint på kvelden før vi slapp til, og folket heldt på å gjekk heim, men vi spela dei inn att. Nokre av lagets medlemmar spela på Helge si boklansering på Tingvoll.

Til slutt må vel nemnast det store dette året og det er Fylkeskappleiken i Surnadal 11.-13 april. Ei kappleiksnemd på fire leia av Arnstein Brevik hadde i alt sju møter for å få dette i gang, elles var nær sagt alt som var tilgjengeleg av mannskap og litt til i aksjon under kappleiken. Det var stor deltaking med heile 73 startnummer, alt gjekk som smurt heile helga og til overmål vann vi klassa for lag med komp. Kulturhuset i Surnadal var svært så godt egna til eit slikt arrangement. Her er det på sin plass å gje honnør til Karstein Telstad på Kulturhuset for ei fantastisk oppfølging han gav, like eins var og Sara på hotellet med å gjorde at kappleiken vart ein suksess. Når det da i tillegg vart nokre kroner i overskot må vi vel seia oss nøgde.

Litt småsurt frå nokre som fekk musefella over fingrane.

For styret

Magnar Almberg  
leiar